

Møte i styret og skriftstyret i Valdres Historielag 18. nov. 2021

Sak 1 Årboka 2021 : Ivar Aars: Nokre feil er det vorte no og, men berre alvorlege feil bør rettast i neste års årbok.

Kalenderen for 2022: Vi har trykt 500 stk. i år. Arne Erik Fønhus presiserte at vi ikkje må trykkje opp fleire enn det er gjort vedtak om. Det er viktig at trykkeriet held seg til det antalet som som er avtala.

**Vedtak : Tal årbøker for 2022 skal vera 750 stk.
Tal kalendrar for 2023: Det skal trykkast 400 stk.**

Vedlikehald av heimesida vår og ev. laga ei side på Facebook: Nils Rogn vil stå for dette. Godtgjersle for arbeidet skal takast opp i ei sak på årsmøtet. Tore Hovda vil ordne med ei annonse og helst også ei omtale av årboka. Årsmeldingane til lokallaga må koma ajour.

Sak 2 Tema for årbok 2022 skal vera «Valdresmål»
Vi bør ha ei målprøve frå kvar kommune, og også eit særprega namn og eit ord. Sør-Aurdal treng her å delast i to pga. dialektgrensa.

Tema for kalendaren 2023: Det er Sør-Aurdal som står for tur i år. Arne Erik vil sjekke med aktuelle kunstnarar.

Sak 3 Økonomien, ved Tore Hovda: Vi har for siste året eit underskot på 12000,- kr.

Sak 4 Årsmøtet: I år er det Sør-Aurdal som står for tur. Bagn Bygdesamling blir staden.
Aktuell tid 21. mai.

Sak 5 Under eventuelt: Det trengst nytt skriftstyremedlem frå Sør-Aurdal. Trond Bråten har bedt seg friteken. Arne Erik vil sondere for ny kandidat

Ivar Aars orienterte om bygdebokarbeidet i Nord-Aurdal, om stoda med tettstadene Fagernes-Leira-Aurdal. Det er samla ein god del stoff for desse. Kan ev. annonser finansiere ei utgjeving?

Jon Bratrud, Olav Onstad, Gullik Skattebo, Anne Marit Framnes, Tore Hovda, Tove Grethe Kolstad, Nils Rogn, Jorunn W Steinsvoll, Ingun Kompen, Arne Erik Fønhus, Ivar Aars, Gunnar Hauge.